



Snøkrystallen småbarnehage
Holane 12, 6770 Nordfjordeid.
Tlf. 47 39 54 64
www.snokrystallen.barnehageside.no



Snøkrystallen
småbarnehage!



Eg vil så gjerne
setje litt spor...

Snøkrystallen småbarnehage

- 1 avdelings barnehage
- 0-3 år
- 10 plassar
- Opptak i samarbeid med Eid kommune
- 30% søskenmoderasjon
- Barna er forsikra gjennom PBL
- Privat barnehage eigd og drifta av Mari Henden Nilsen (førskulelærer) og Karina Kjørstad (barnevernspedagog)



Snøkrystallen småbarnehage

Visjonen Vår:

Vi er små og unike, som set og finn spor på vår veg.

Vi ønsker å nytte uterommet, naturen og nærområdet så mykje vi kan, ut frå alder, utvikling, årstider og været.

Vi er ein småbarnehage som ønsker å sjå kvart barn som unikt slik kvar enkelt snøkrystall er i naturen.



Spor!

Barnehagen er oppteken av spor, små og store, alle slags spor!

Spor i naturen, spor i samfunnet, og spor dei vaksne set i små barnesinn. Alle spora barna set, både i og rundt oss.

Spor kan vere alt frå fingeravtrykk, dyrespor, ein bæsj, eit bilspor, eit eventyr, ei oppleving, eit minne, ei teikning, skitne fingrar, tårer som renn, snørrete naser, gamle tradisjonar og nye tradisjonar. Spor er familie, venner og barnehagen - både barn og vaksne.

Snøkrystallen...

Trygg og utfordrande "hage" for små barn.

Kort veg til skogen, sentrum, og leikeplassar i byggefeltet.

Faste utflukter til Hennebygda, gardsbesøk, sentrumsdag, tur til vårsetra og liknande aktivitetar.

For å gje foreldra eit innblikk i barnehagen nyttar vi mykje fotodokumentasjon.

Årsplanen vår (som er 3 årig) synleggjer korleis vi gjennom heile året jobbar med alle områda i Rammeplan for barnehage.



